

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte: 9-2016
Tid: Fredag 2. desember kl. 11:00 - 14:30
Stad: Alver hotel

Til stades:

| | |
|------------------|--|
| Ordfører: | Karstein Totland, Hallvard Oppedal, Øyvind Oddekalv, Stian Herøy, Per Lerøy, Astrid Aarhus Byrknes, Jon Askeland, Jarle Skeidsvoll |
| Rådmenn: | Øivind Olsnes, Reidun Halland, Ingvild Hjelmtveit, Jarle Landås, Ørjan Raknes Forthun, Svein Helge Hofslundsengen, Jostein Førre, Ingebjørg Vamråk |
| NUI: | Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss |
| Andre: | Sak 79/16: Helga Ellingsen, Masfjorden kommune |
| Forfall: | Tom Kristian Thorsen, Jan Olav Osen |

| | |
|------------------|---|
| Sak 74/16 | Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar. |
| Sak 75/16 | Godkjenning, protokoll møte 8-2016 Møteprotokoll frå møte 8-2016 vart godkjent utan merknadar. |
| Sak 76/16 | <p>Brannsamarbeid i Bergensregionen</p> <p>Karstein Totland innleia. Deretter hadde Ørjan Raknes Forthun ein gjennomgang av rapporten. Presentasjon vedlagt.</p> <p>Oppsummering og spørsmål:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Rapporten må ha som føresetnad at det er mange kommunar som skal samarbeide og dei utfordringane dette gir styringsmessig. ▪ Formålet er positivt ▪ Hovudutfordringa er den uklare organiseringa, ansvar og myndighet, husk det er 32 kommunar ▪ Det ligg forslag om § 27 samarbeid, er det riktig form? Burde ein først få utgreidd kva ein skal samarbeide om ▪ Korleis få noko konkret ut av fagutval og faglege nettverk? Er dette godt nok organisert til at ein lukkast? ▪ Bergen er administrasjonskommune, det er det lite å seia på ▪ Etablering av ELS (einheitleg leiing system) - stab og leiarstøtteordning – myndighet og arbeidsdeling? ▪ Overordna plandokument – basert på regionens risikobilde – verknad for kommunane? ▪ Felles kvalitetssamarbeid – verknad for kommunane? ▪ Rapporten blir for ullent <p>Deretter drøfting.</p> <p>Per Lerøy støtta presentasjonen og problemstillingane Forthun kom med, og meinte at me burde få til ein grundigare prosess om dette i Nordhordland, og at det vert set ned ei gruppe som ser nærare på problemstillingane.</p> |

Astrid Aarhus Byrknes sa ho slit med å forstå organiseringa, og kva kommunane får ut av dette. Det vert lett ein dragkamp om kven som skal sitja i styret (politisk, fagleg og fordeling mellom kommunane / regionane. Nordhordland har sjølv det som skal til for å lukkast, samarbeidet me har i dag mellom kommunane og industri kan bli endå større. Ho viste her til prosjektet som var i regi av Industriutvikling Vest 2015 og som såg på moglegheitene med større samarbeid mellom kommunane og Statoil Mongstad, og i no pågår prosjektet «Nordhordland brann og redning» som har fått skjønsmidlar frå fylkesmannen. Rådmannsutvalet er styringsgruppe for dette prosjektet.

Øyvind Oddekalv meinte det var viktig med innspel, men understreka at rapporten prøver å løysa dei store alvorlege hendingane, ikkje dei daglege som det enkelte brannvesen skal løysa kvar for seg.

Jon Askeland advarte mot å tru at me i Nordhordland er oss sjølve nok, og understreka at dette er for dei store hendingane. Me må vera opna i vår tilnærming til høyringa. Han ser at ordførarane i Bergensalliansen kanskje konkluderte for tidleg med §27, og at kanskje ei IKS-løysing kunne vore betre. Vidare at me kanskje parallelt med dette, skal byggja eit sterkare Nordhordland brann og redning.

Fleire understreka at lovverket uansett er tydeleg på bistandsplikta frå større brannvesen og brannvesen med spesialkompetanse og at dette har fungert t.d. på Mongstad.

Jarle Skeidsvoll meinte det var viktig å vera kritisk, men og at me må kunne sjå det positive og kva me får ut av eit slikt samarbeid, og kva det vil gje oss av kompetanse og kunnskap.

Per Lerøy var enig med Skeidsvoll, me må ikkje bli snevre, me har eit godt brann/redning, og må ikkje øydelegga dette. T.d. fungerer IUA-samarbeidet veldig bra.

Fleire peika på at Bergen blir store i dette samarbeidet, og at mange føler at rapporten veltar kostnadsauken over på dei andre kommunane.

Ørjan Raknes Forthun viste til at det samarbeidet prøver å løysa er kva ein kan gjera betre og meir effektivt i forkant – altså det å vera så godt førebudd som mogeleg til dei større operative hendingane.

Hallvard Oppedal takka for god gjennomgang, og meinte at me bør danna ei gruppe som ser nærare på rapporten, men at det er viktig å byggja på det som ordførarane har gått inn for. Det er og viktig å behalda entusiasmen.

Reidun Halland synest rapporten er vanskeleg å lesa, spesielt dette med mynde. Det står litt her og der. Ein må vera tydeleg på korleis myndet skal vera. Ho var redd for at med denne organiseringa, så vil brann/redning vera kostnadsdrivande og utanfor den einskilte kommunen sin kontroll. Her vil det koma spørsmål i kommunestyret om sjølvstyre, myndighet og kostnad, og rådmannen må kunne leggja fram alternativ til kommunestyret.

Astrid Aarhus Byrknes understreka at ho alltid har vore opptatt av samarbeid og førebygging og har kjempa for det lenge. Men brannvesenet er kjempeflinke, dei jobbar langt ut over det ein kan forventta, og ein må kunne finna ei god løysing som også dei er fornøgde med. Ho lurte også på om sivilforsvarssjefen burde vorte invitert til eit møte.

Stian Herøy sa at Fedje i dette var små og at dei kom til å fylgja det som fleirtalet meinte.

Vedtak:

Regionrådet set ned ei arbeidsgruppe som vurderer nærare kva som må bli avklart / bli tydelegare i rapporten, og at dette vert tatt opp med Bergensalliansen. Arbeidsgruppa vert bestående av Karl Johannes Romarheim, Øyvind Oddekalv, Hallvard Oppedal, Reidun Halland, Ørjan Raknes Fortun og NUI.

| | |
|-------------------------|--|
| <p>Sak 77/16</p> | <p>Møteplan 2017 Utkast til møteplan var sendt ut. Dagleg leiar føreslo i møtet å ha eit Nordhordlandsting tysdag 7. mars, med tema biosfære og helsehus. Det kolliderer med fylkesting. Dagleg leiar kjem tilbake med ny dato. Representantskapsmøte er foreslått til 2. juni. Gulen prøver å flytte sitt formannskapsmøte.</p> <p>Vedtak. Regionrådet slutta seg til møteplanen med dei endringar / kollisjonar som vart peika på. NUI kjem tilbake med oppdatert møteplan.</p> |
| <p>Sak 78/16</p> | <p>NAV og kommunane – partnerskapsavtalen Notat var sendt ut på førehand. Ingvild Hjelmtveit innleia. Gjennom rolla som leiar i rådmannsutvalet i Hordaland og som rådmann ser ho at det er eit press frå NAV Hordaland om at kontor bør slå seg saman. Det verkar som NAV kun er opptekne av dei statlege oppgåvene.</p> <p>Deretter diskusjon der dette kom fram:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Det er uheldig at den eine parten i ein partnerskapsavtale heile tida definerer kva den andre skal jobbe med / korleis den skal organisera seg ▪ Det er viktig at kommunane no fylgjer med i timen, her køyrer NAV på. Dette har ein større dimensjon enn berre nedlegging av kontor. NAV tek ikkje omsyn til dei kommunale oppgåvene. Det er på tide å reagera ▪ Kva er t.d. best måte for kommunane å møte problematikk kring rus og psykiatri på framover? ▪ Samhandlinga fungerer dårleg i dag ▪ Det er viktig å bestemma kva ein ynskjer? Det er mogeleg å samla leiing, men samtidig ha desentraliserte funksjonar. ▪ Styringsystemet vert heile tida dradd mot rapportering av det som er målbart ▪ Sosialbegrepet er i ferd med å forsvinna, det er det sosiale som er det mest kompliserte. Det sosialfaglege må fungera, og det må dekkja basisområda. <p>Vedtak: Regionrådet tar orienteringa til etterretning og vil vera observant på situasjonen framover. Samtidig ber dei rådmannsutvalet vurderer saka nærare, og å koma tilbake til Regionrådet med forslag til oppfølging.</p> |
| <p>Sak 79/16</p> | <p>Utdanningsstillingar i primærhelsetenesta (ALIS) Helga Ellingsen, Masfjorden kommune orienterte om utdanningsstillingar i primærhelsetenesta. Presentasjon vedlagt.</p> <p>St melding 26 (2015- 2016) signaliserer at alle kommunelegar skal vera utdanna i allmenntilleggsmedisin / samfunnsmedisin, eller vera under utdanning. Dette kan gje ytterlegare vanskar med å rekruttera til kommunehelsetenestene. Saka er presentert i kommunalsjefgruppa helse og omsorg, og dei ønskte at ho vart presentert for Regionrådet.</p> <p>I helseføretaka får lege i spesialisering fast stilling med alle dei rettane dette medfører. Dvs. fast jobb, rett til permisjon med løn, rett til å vera heime med sjuke born m.v. I kommunehelsetenesta har ein ikkje eit «løp» for dei som vil ta spesialisering. Her må du fyrst kjøpa ei fastlegeliste, dette kostar mellom kr 500 000 – 1 000 000. Dette kjem på toppen av studielån. Når ein skal ta spesialisering, krev det kurs/ kompetanseheving, dette må ein ta av eigen praksis. Det vil seia at løna blir tilsvarende redusert. Når lege er på kurs, vert det inga inntekt og ikkje produksjon på legekantoret som gir HELFO refusjon. Utfordringa er å få nyutdanna legar til velja ALIS – utdanning.</p> <p>Det var 14. september var det eit møte med helseminister Bent Høie om dette. Mange partar var til stades på dette møtet (utdanningsinstitusjonar, KS, helseføretaka, Bergen kommune (helseetaten), politisk m.m.), i tillegg til representantar frå regionen vår.</p> |

| | |
|-------------------------|---|
| | <p>Alle partane var samde om å starta eit prosjekt, og at Bergen kommune tar ansvaret for prosjektet vidare.</p> <p>Helseføretaka arbeidar med å leggja til rette utdanningsstilling på sjukehuset for ALIS legar (skal ha eit år praksis). Prosjektleiari gjer ferdig prosjektet og det vert søkt om eksterne midlar frå helsedirektoratet. Målet er å etablere ein struktur på utdanningsløpet i samarbeid med universitet / utdanningsinstitusjonane og at ein økonomisk følgjer helseføretaka sin modell. Helsedirektoratet dekkjer utgifter til kurs m.m. og har ansvar for å sikra at det blir laga til aktuelle kurs.</p> <p>Det er starta eit pilotprosjekt der målet er å oppretta faste utdanningsstillingar i primærhelsetenesta. Krav for utdanningsstillingar i kommunane:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Kommunen har arbeidsgjevaransvar med løn til legen ▪ Løn til rettleiar ▪ Avtale om «dagleg» supervisjon med lege som innehar relevant spesialitet ▪ RHFene må bidra med ressursar til kurs og løn når lege har teneste på sjukehus <p>Prosjektleiari er i gong, Bergen kommune dekkjer løn. Masfjorden og Gulen deltek med prosjektpengar. Ein vil søkja om statlege midlar til prosjektet. Planen er å få til omlag 12 utdanningsstillingar. Neste steg er korleis - og kva kommunar ein skal invitera med i prosjektet. Utfordringa kan vera at mange vil. Inngangssum i prosjektet er ikkje av klart enno. Bergen vil ha 5–6 stillingar, vidare har Fusa og Odda signalisert at dei vil vere med. Det skal vera nytt møte arbeidsgruppa/prosjektgruppe den 9. desember</p> <p>Kven vil vera med frå Nordhordland? Rolf Tande er med i prosjektgruppa. Dei som er interesserte må senda melding til han.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tar orienteringa til etterretning. Dei kommunar som er interessert i å vera med i pilotprosjektet, sender melding til Rolf Tande om dette med kopi til NUI.</p> |
| <p>Sak 80/16</p> | <p>Status frå utvala</p> <p>Utval for helse og omsorg. Ikkje vore møte sidan sist.</p> <p>Utval for Næring og samfunnsutvikling Hallvard Oppedal orienterte kort. Utvalet hadde siste møte hos Tysse Mekaniske Verkstad på Osterøy. Utvalet fekk der presentasjon av Tysse. Deretter hadde dei møte med Osterøy industrilag. Tema var blant at anna korleis industrilaget har jobba opp i mot den vidaregåande skulen på Osterøy, satsinga på kompetanseheving, samferdsle og infrastruktur og samarbeid og kommunikasjon dei har med politikarar. Det var eit veldig nyttig møte og gav gode tips om korleis næringslivet og kommunane bør jobba vidare med Austrheim vidaregåande skule.</p> <p>Utval for Kultur, omdømme og kunnskapsutvikling. Øyvind Oddekalv orienterte om siste møte som hadde tre hovudtema:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Folkehelse, barn og unge og tidleg innsats, og korleis ein kan setja dette i ein større samanheng. 2. Skisse for å kartlegga interkommunale anlegg for kultur og idrett med utgangspunkt i dei anlegga som har fått regional status, og dei anlegga som kommunane meiner har eit potensiale for å bli det. 3. Omdømmearbeid i Region Nordhordland og koplinga mot biosfæreprosjektet. <p>Oddekalv sa til slutt til at det er vedtatt i Museumssenteret å slå Nordhordlandsavdelingane saman til ei avdeling frå nyttår.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tar orienteringane til etterretning.</p> |

| | |
|------------------|---|
| Sak 81/16 | Status - saker NUI. Status vart gjennomgått i Representantskapsmøta. |
| Sak 82/16 | Meldingar og eventuelt Tannlegesaka. Karstein Totland informerte om at han hadde hatt eit møte med fylkesrådmannen om tannlegesaka torsdag. |

Knarvik, 2. desember 2016



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

Sak 76/16. Brannsamarbeid i Bergensregionen. Ørjan Raknes Forthun
Sak 79/16. ALIS –Vest (AllmennLege I Spesialisering)